**Statens vegvesen**

Sigurd Morken
Sagstadvegen 133
5918 FREKHAUG

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Unn Jenny Utne Kvam - 55516243 | 2014/020334-002 | | 25.03.2014 |

# Vedrørande søknad om flytting og utvida bruk av avkøyrsle - Gnr. 18 bnr. 12 i Meland kommune

Vi viser til søknad motteken 10.02.2014. Vi orsakar lang sakshandsamingstid.

Saka gjeld søknad om å stenge avkøyrsle 1 (km 2,036) og gje dei tre bustadeiningane som nyttar denne avkøyrsla i dag ny tilkomst via avkøyrsle 2 (km 1,956), jamfør kartutsnittet nedanfor der avkøyrslene er markert.




Bakgrunnen for søknaden er svært dårleg sikt i avkøyrsle 1. Ingen av dei to aktuelle avkøyrslene oppfyller dagens krav til teknisk utforming. Sikta er aller dårlegast i avkøyrsle 1, medan avkøyrsle 2 er den som i størst grad avvik frå krav til geometrisk utforming.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

For avkøyrslene 1 og 2 er gjeldande tekniske krav:

- Frisikt: 4 x 45 meter - frå eit siktpunkt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal det vere minimum 45 meter frisikt til begge sider av køyrebana
- Svingradius: 4 meter (diameter 8 m)
- Lengdeprofil: Avkøyrsler skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane. Deretter er kravet 3 meter med helling/fall på 1:20, og så 30 meter tilkomstveg med helling/fall på 1:8.
- Drenering: Under avkøyrsler må det leggjast dreneringsrøyr, minimum 300 mm i diameter, med kummer og køyresterk rist. Røyret for grøftevatn må vere langt nok, slik at sidearealet i avkøyrsla får eit fall på minimum 1:6.

Litt nord for dei to omtalte avkøyrslene ligg det ved km 2,343 ei tredje avkøyrsle, i kartutsnittet merka avkøyrsle 3. Denne avkøyrsla har vegsamband til dei tre eigedomane som nyttar avkøyrsle 1, men vegen er strengd. Avkøyrsle 3 har per i dag vesentleg betre standard enn dei to andre avkøyrslene.

I *Rammeplan for avkøyrsler og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i region vest (2013-2016)* er det eit generelt prinsipp at teknisk utforming av avkøyrsler må vere i samsvar med krava i Statens vegvesen sine handbøker 017 *Veg- og gateutforming* og 263 *Geometrisk utforming av veg- og gatekryss*.

Med bakgrunn i opplysningane ovanfor, rår vi til at det vert arbeidd vidare med ei løysing der det vert søkt om å flytte eigedomane som i dag nyttar avkøyrsle 1 over til avkøyrsle 3.

Vi avventar vidare handsaming av den føreliggjande søknaden til vi har fått tilbakemelding på vårt framlegg til ny avkøyrsleløysing.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefingeniør

Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Meland kommune (e-post)